



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
29/26	Formannskapet	24.02.2026

Farvannsavgift - Innføring i Sande kommune

Bakgrunn for saka:

Sande kommune har utarbeidd forslag til forskrift om farleieavgift. Saka er klar til å sendast ut på høyring, dersom det er politisk ønskje om det.

Formannskapet 24.02.2026

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 29/26 Vedtak

Formannskapet vedtek forslaget til forskrift om farvassavgift slik det ligg føre i saka. Føreskrifta vert lagd ut på høyring i samsvar med gjeldande regelverk for lokale forskrifter.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek forslaget til forskrift om farvassavgift slik det ligg føre i saka. Føreskrifta vert lagd ut på høyring i samsvar med gjeldande regelverk for lokale forskrifter.

Vedlegg:

Farvassavgift Sande kommune-Berekningsgrunnlag Momentum-Gebyr
Farvassavgift-Samanlikning av gebyrprisar nabokommunar
Foreskrift om farvannsavgift-Sande kommune

Saksopplysningar:

Teknisk sektor starta i 2020 med utarbeiding av forskrift knytt til farvassavgift. Forslaget vart sendt til høyring i 2 omgangar. Sluttvedtak var klar for politisk handsaming i slutten av 2021, men vart trekt. I NTM-utvalsmøte den 12.02.2025 i sak PS 03/25 vart administrasjonen bedt å ta opp igjen saka, og legge fram eit nytt forlag til farvassavgift føreskrift til politisk vurdering.

«Havne- og farvannsloven» §36 gjev kommunen anledning gjennom vedteken forskrift å belaste fartøy med farvassavgift. Dette skal gjelde fartøy som anløper hamn, og innretningar for drift av akvakulturanlegg i kommunen sitt sjøområde. I føreskrifta kan det fastsettest rabattordningar. Farvassavgift kan dekke kommunen sine kostnader til:

- a. naudsynt isbryting og fjerning av gjenstandar som hindrar sjøtransporten, eller er til fare for ferdsele i kommunens sjøområde.
- b. utøve offentleg mynde gjennom føreskrifta
- c. farvasskilt og navigasjonsinnretningar som kommunen eige.

Konsultentselskapet Momentum har hjelpt kommunen å utarbeide føreskrift, jf. vedlegg. Generelt er det sette krav i føreskrifta om at båtar over 24 meter skal betale farvassavgift. Dette vil då også omfatte ferjetrafikken der kommunen har 4 anløpsstadar. Unntak frå plikt til betaling av farvassavgift er gjort reide for i §3 i føreskrifta.

Gebyra bereknast i tråd med "selvkostforskriften" sine bestemmingar. Det må i denne samanheng opprettast eit eige ansvar i kommunen sitt rekneskap, "Farvassavgift". Momentum har komme med budsjettframlegg for 2026, sjå vedlagt budsjettnotat. Utdrag frå dette notat er vist under:

Selvkostregnskap (1.000 kr)	2025	2026	2027
10*** Lønn	0	83	173
11*** Varer og tjenester	0	110	232
Direkte driftsutgifter	0	193	405
Indirekte kostnader (drift og kapital)	0	16	32
Gebyrgrunnlag	0	209	437
Gebyrinntekter	0	209	437
Selvkostresultat	0	0	0
Selvkost dekningsgrad i %	0,00 %	100,00 %	100,00 %

Selvkostfond/fremførbart underskudd (1.000 kr)	2025	2026	2027
Selvkostfond 01.01	0	0	0
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond	0	0	0
-/+ Kalkulert rentekostnad/-inntekt selvkostfond	0	0	0
Selvkostfond 31.12	0	0	0

Berekningsgrunnlaget for utrekning av gebyr er lagt ved saka. For 2026 er normalgebyret (standardgebyret) for farvassavgift berekna til 277 kroner per anløp for fartøy med bruttotonnasje under 300 BT, med unntak av ferjene:

Gebysatser, Farvannsavgift (inkl. mva.)	2025	2026	2027
Normalgebyr (kr/vare)	-	277	290
<i>Endring fra året før</i>			<i>4,5 %</i>

Nabokommunane Hareid, Herøy og Vanylven har innført forskrift om farvassavgift. Gebysatsane for 2025 for desse kommunane er lagde ved saka til samanlikning.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen meiner det er grunnlag for å innføre forskrift om farvassavgift i Sande kommune. Fleire nabokommunar har alt innført tilsvarende forskrifter. Sande kommune sitt sjøområde, slik det er omfatta av forskrifta, er stort og kan vere meir krevjande å forvalte enn sjøområda i nærliggjande kommunar.

Det er naturleg at høyringspartane kan vere noko skeptiske til ei slik forskrift, sidan ho medfører ei avgift for fartøy over 24 meter. Samstundes har den kommunale beredskapen kostnader som må finansierast, og farvassavgift er eit verkemiddel for å dekkja desse utgiftene.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ikkje kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ikkje kjende.

Miljøkonsekvensar: Ikkje kjende.

Økonomiske konsekvensar: Sjølvkost for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar: Betre beredskap.

Konsekvensar for barn og unge: Ikkje kjende.

Utskrift vert sendt til:

Renathe Rossi Aglen
kommunedirektør